

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2019**

**Anne Gine Hestetun (A)** sette på vegner av A, Sp, MDG, SV, KrF og V fram slikt forslag:

«Tillegg:

Valnemnda i VLFK innstiller kandidatar til styra i Ferde/Skyttel. Arbeidet må koordinerast med dei øvrige eigarfylka.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Valgkomité skal bestå av ein vald representant frå kvar av eigarane.

Sett i lys av siste tids hendingar ber Fylkesutvalet eigarrepresentanten om å sørge for at val av styre vert sett på sakskartet for dei ekstraordinære generalforsamlingene i både Ferde og Skyttel.

Før nye vedtekter er vedteke, vert det teke initiativ ovanfor Rogaland og Agder om at kvar fylkeskommune utnevner ein representant kvar til ein valgkomité som kan gjennomføre ei vurdering av styret og eventuelle kandidatar til styret.»

Hestetun trakk sitt forslag.

**Anne Gine Hestetun (A)** sette på vegner av A, Sp, MDG, SV, KrF, V, FNB, Frp og H fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nye punkt:

Det skal oppnemnast ein eigen valkomite i Ferde/Skyttel. Kvart av eigarfylka oppnemner sin kandidat til valkomiteen.

Fylkesutvalet handterer eigarutøvinga dersom det oppstår ein ekstraordinær situasjon som krev rask handtering.

Fylkesutvalet ber eigarutsendingen setje val av styre på dagsorden i ekstraordinær generalforsamling over nyttår.»

### **Avrøysting**

Innstillinga med Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteken.  
Søviknes sitt forslag vart ikkje røysta over.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant stemme for styret i Ferde AS sitt forslag til endringar i aksjekapital og vedtekter når saka skal handsamast på ekstraordinær generalforsamling i 2020.
2. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant stemme for styret i Skyttel AS sitt forslag til endringar i aksjekapital og vedtekter når saka skal handsamast på ekstraordinær generalforsamling i 2020.
3. Det skal oppnemnast ein eigen valkomite i Ferde/Skyttel. Kvart av eigarfylka oppnemner sin kandidat til valkomiteen.
4. Fylkesutvalet handterer eigarutøvinga dersom det oppstår ein ekstraordinær situasjon som krev rask handtering.

5. Fylkesutvalet ber eigarutsendingen setje val av styre på dagsorden i ekstraordinær generalforsamling over nyttår.